

Postboks 1450 Vika
N-0116 Oslo
Telefon 78 60 60 00
postmottak@landbruksdirektoratet.no

1. Opplysninger om søker		
Namn på foretak		
Dagleg leiar	Organisasjonsnummer	
Adresse	Postnr.	Poststad
E-postadresse	Telefonnr.	

2. Opplysninger om produksjon				
Hovudnummer til landbrukseigedomene der mjølkeproduksjonen skal finne stad.				
Fylke (2 siffer)	Kommune (2 siffer)	Gardsnummer	Bruksnummer	Festenummer

3. Opplysninger om foredling					
Hovudnummer til eigedomene der foredlinga finn stad og foredlingsforetaket sitt organisasjonsnummer.					
Fylke (2 siffer)	Kommune (2 siffer)	Gardsnummer	Bruksnummer	Festenummer	Organisasjonsnummer

4. Avstand	
Dersom foredling finn stad på annan eigedom enn der mjølka vert produsert, skal avtanden (km) mellom desse eigedomane, målt frå tun til tun langs veg, oppgjevast:	km

5. Stadfesting frå landbruksforvaltningen i kommunen	
Den kommunale landbruksforvaltning stadfestar at opplysningane i søknaden om avstand mellom eigedomane der produksjon og foredling av mjølk finn stad, er korrekte.	
Stad og dato	Den kommunale landbruksforvaltninga si underskrift og stempel

6. Stadfesting og underskrift frå søker	
Som dagleg leiar i produksjonsforetaket stadfestar eg at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte, og at eg er kjend med reglane som gjeld for lokalforedlingskvote i gjeldande forskrift om kvoteordninga for mjølk.	
Stad og dato	Underskrift dagleg leiar i produksjonsforetaket

Rettleiing

1. Opplysningar om søkjar

Det er foretaket som produserar mjølka som skal søkje om lokalforedlingskvote. Oppgi namn på produksjonsforetaket og namn på dagleg leiar. Oppgi også produksjonsforetaket sitt organisasjonsnummer og nøyaktige adresse- og kontaktopplysningar.

2. Opplysningar om produksjon

Oppgi hovudnummeret (fylkesnr., kommunenr., gnr., bnr., festenr.) til den landbrukseigedomen mjølka skal produserast på.

Dersom lokalforedlingskvoten skal produserast på flere landbrukseigedomar, må det fyllast ut eitt søknadsskjema for kvar produksjonseigedom.

3. Opplysningar om foredling

Oppgi hovudnummeret til den eigedomen foredlingsforetaket er lokalisert på. Oppgi også organisasjonsnummeret til foredlingsforetaket. Organisasjonsnummeret til foredlingsforetaket skal oppgjevast sjølv om det er same foretak som både produserar og foredlar mjølka.

Skal mjølka som vert produsert på produksjonseigedomen oppgjeven under pkt. 2 foredlast av fleire foredlingsforetak, må det fyllast ut eitt søknadsskjema for kvart foredlingsforetak.

4. Avstand

Dette punktet skal berre fyllast ut dersom foredlinga finn stad på ein annan eigedom enn den mjølka vert produsert på. Det er avstanden mellom eigedomane oppgjevne under punkt 2 og 3 i skjemaet som skal oppgjevast. Avstanden skal målast frå tun til tun langs veg.

Dersom mjølka ikkje vert foredla på same eigedom som mjølka vert produsert på, er det eit vilkår at den vert foredla i nærleiken av produksjonseigedomen. Kva som ligg i omgrepet nærleik må sjåast i samanheng med kravet om at foredlinga skal finne stad lokalt. Kor store avstandar som kan godkjennast vert i kvart enkelt tilfelle basert på ei skjønnsvurdering av om dette vilkåret vert oppfylt i tilstrekkeleg grad.

5. Stadfesting frå kommunen

Dette punktet skal fyllast ut dersom pkt. 4 i søknaden er fylt ut. Kommunen skal ved underskrift og stempel stadfeste at oppgjeven avstand i pkt. 4 er korrekt.

6. Underskrifter

Søknaden må underskrivast av dagleg leiar i produksjonsforetaket.

7. Innsending av søknad

Søknaden skal sendast til: Landbruksdirektoratet, Postboks 1450 Vika, 0116 Oslo. Det er ingen søknadsfrist, og søknadane vert handsama fortløpande.

8. Generell informasjon

Reglane for lokalforedlingskvote er å finne i forskrift 23.12.2011 nr. 1502 om kvoteordningen for melk. Link til forskrifta og informasjon om ordninga med tilhøyrande skjemaer er å finne på Landbruksdirektoratet sine nettsider www.landbruksdirektoratet.no. Slik informasjon kan du også få ved å ta kontakt med Landbruksdirektoratet.